



KOPI

Elizabeth Warren

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2861 - 17/24418

Saksbehandlar:
Eirik Bouwer Utne
eirik.utne@meland.kommune.no

08.12.2017

Søknad om tilskot til verna kulturminne 2018 - Meland kommune

Meland kommune, ved tenesteområde kultur, søker med dette brev om tilskot kr 110 000 over ordninga «Tilskot til verna kulturminne i Hordaland», med frist 1.1.2018.

Meland kommune sette lokal frist for søkjarar til 10.11.2017, og det kom inn tre søknadar innan frist. Søknadane var til handsaming i Utval for levekår i møte den 28.11.2017, ULK-84/2017, med følgjande vedtak:

«Utval for levekår godkjenner prioriteringa av innkomne søknadar i tråd med grunngjevinga i vurderinga og etter føresetnadane i Planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune.

Utval for levekår godkjenner at det vert sendt vidare søknad til Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2017/18 med følgjande prioritering: (1) Kjell Hjertås/tømra uthus ved Holmestova, (2) Gripen gard ved Helene Olli Sollid, sikring av eldhus, (3) Georg Claussen og Holsnøy kystlag, ferdigstilling av rehabiliteringa av Prestebryggja på Husebø.»

Total søknadssum er kr 110 000. Tiltaka har fått tilskot frå Meland kommune si eiga ordning til kulturminnevern, samt frå andre partar. Tiltaka vil kunne kvalifisere for ytterlegare tilskot frå kommunen ved seinare høve. Ytt tilskot frå Hordaland fylkeskommune vil verte ytt vidare til søkjarane etter den politiske prioriteringa som har vore gjord lokalt.

Viser til vedlagt saksframlegg for grunngjeving og nærmare gjennomgang av dei einssilde søknadane.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne
leiar kultur

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2017/18 - Meland kommune

Kopi til:

Elizabeth Warren

KOPPI

Mottakere:

Hordaland fylkeskommune Kultur-
og Idrettsavdelinga

Postboks 7900

5020

BERGEN

KOPPI